

KOMMISJONENS GJENNOMFØRINGSavgjerd

2017/EØS/26/39

av 18. april 2011

**om endring av vedtak 2009/766/EF om harmonisering av frekvensbanda 900 MHz og 1 800 MHz
for jordbaserte system som kan tilby felleseuropeiske elektroniske kommunikasjonsstenester i
Felleskapet**

[meld under nummeret K(2011) 2633]

(2011/251/EU)(*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsvedtak 2002/676/EF av 7. mars 2002 om rammeregler for radiospektrumpolitikk i Det europeiske fellesskap (radiospektrumvedtaket)⁽¹⁾, særleg artikkel 4 nr. 3, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Kommisjonsvedtak 2009/766/EF⁽²⁾ tek sikte på å harmonisere dei tekniske vilkåra for tilgang til og effektiv bruk av 900 MHz-bandet, i samsvar med rådsdirektiv 87/372/EØF av 25. juni 1987 om avsetning av frekvensbånd for samordnet innføring av et felleseuropeisk digitalt offentlig landmobilt kommunikasjonsystem i Felleskapet⁽³⁾, og av 1 800 MHz-bandet for jordbaserte system som kan tilby elektroniske kommunikasjonsstenester.
- 2) Medlemsstatane har vurdert bruken av 900 MHz- og 1 800 MHz-banda med sikte på at desse skal kunne nyttast effektivt og omfatte ytterlegare teknologi, og sikre den tekniske kompatibiliteten med GSM-systemet og UMTS-systemet slik det er definert i direktiv 87/372/EØF, på ein høveleg måte.
- 3) 15. juni 2009 gav Kommisjonen Den europeiske post- og telekonferansen (heretter kalla «CEPT») mandat i medhald av artikkel 4 nr. 2 i vedtak nr. 676/2002/EF til å definere dei tekniske vilkåra for å tillate bruk av LTE og eventuell annan teknologi i 900 MHz- og 1 800 MHz-banda.
- 4) Svaret frå CEPT på mandatet er å finne i rapport 40 og 41 frå CEPT. Konklusjonen i desse rapportane er at systema LTE (Long Term Evolution) og WiMAX (Worldwide Interoperability for Microwave Access) kan

innførast i 900 MHz- og 1 800 MHz-banda dersom det vert nytta høvelege verdiar for avstanden mellom bandgrensene til dei aktuelle berebølgjekanalane.

- 5) Når det gjeld sameksistens mellom UMTS-, LTE- og WiMAX-system og luftfartssystem over 960 MHz, inneheld rapport 41 og 42 frå CEPT opplysningar og tilrådingar om korleis interferens kan unngåast.
- 6) Resultata av det arbeidet som er utført i medhald av mandatet til CEPT, bør nyttast i Unionen, og medlemsstatane bør påleggjast å gjennomføre dei så snart som mogleg, ettersom det er ein aukande etterspurnad i marknaden når det gjeld innføring av LTE og WiMAX i desse banda. I tillegg bør medlemsstatane sikre at UMTS, LTE og WiMAX gjev eit høveleg vern for eksisterande system i dei tilgrensande banda.
- 7) Det europeiske standardiseringsinstituttet for telekommunikasjonar (ETSI) er i ferd med å avslutte arbeidet med dei harmoniserte standardane EN 301908-21 og EN 301908-22, slik at det vert grunnlag for samsvar med artikkel 3 nr. 2 i europaparlaments- og rådsdirektiv 1999/5/EF av 9. mars 1999 om radioutstyr og teleterminalutstyr og gjensidig godkjenning av utstyrets samsvar⁽⁴⁾.
- 8) Vedlegget til vedtak 2009/766/EF bør difor endrast.
- 9) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå Radiospektrumutvalet —

TEKE DENNE avgjERDA:

Artikkel 1

Vedlegget til vedtak 2009/766/EF vert bytt ut med teksta i vedlegget til denne avgjerda.

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 106 av 27.4.2011, s. 9, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 169/2012 av 28. september 2012 om endring av EØS-avtalens vedlegg XI (Elektronisk kommunikasjon, audiovisuelle tjenester og informasjonssamfunnstjenester), se EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende nr. 70 av 13.12.2012, s. 25.

⁽¹⁾ TEF L 108 av 24.4.2002, s. 1.

⁽²⁾ TEU L 274 av 20.10.2009, s. 32.

⁽³⁾ TEF L 196 av 17.7.1987, s. 85.

⁽⁴⁾ TEF L 91 av 7.4.1999, s. 10.

Artikkel 2

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 18. april 2011.

For Kommisjonen

Neelie KROES

Visepresident

VEDLEGG

«*VEDLEGG*

LISTE OVER JORDBASERTE SYSTEM SOM ER NEMNDE I ARTIKKEL 3 OG ARTIKKEL 4 NR. 2

Dei tekniske parametrane nedanfor skal vere ein viktig del av dei vilkåra som er naudsynte for å sikre sameksistens dersom det ikkje finst to- eller fleirsidige avtaler mellom nærliggjande nett; dette skal likevel ikkje vere til hinder for å nytte mindre strenge tekniske parametar dersom operatørane av slike nett vert samde om dette.

System	Tekniske parametar	Gjennomføringsfristar
UMTS, i samsvar med UMTS-standardane, offentleggjorde av ETSI, særleg EN 301908-1, EN 301908-2, EN 301908-3 og EN 301908-11	<ol style="list-style-type: none"> 1. Berebølgjeavstand på minst 5 MHz mellom to nærliggjande UMTS-nett. 2. Berebølgjeavstand på minst 2,8 MHz mellom eit UMTS-nett og eit nærliggjande GSM-nett. 	9. mai 2010
LTE, i samsvar med LTE-standardane, offentleggjorde av ETSI, særleg EN 301908-1, EN 301908-13, EN 301908-14 og EN 301908-11	<ol style="list-style-type: none"> 1. Ein frekvensavstand på minst 200 kHz mellom LTE-bandgrensa og bandgrensa til GSM-berebølgja mellom eit LTE-nett og eit nærliggjande GSM-nett. 2. Ingen frekvensavstand krevst mellom LTE-bandgrensa og bandgrensa til UMTS-berebølgja mellom eit LTE-nett og eit nærliggjande UMTS-nett. 3. Ingen frekvensavstand krevst mellom LTE-bandgrensene mellom to nærliggjande LTE-nett. 	31. desember 2011
WiMAX, i samsvar med WiMAX-standardane, offentleggjorde av ETSI, særleg EN 301908-1, EN 301908-21 og EN 301908-22	<ol style="list-style-type: none"> 1. Ein frekvensavstand på minst 200 kHz mellom WiMAX-bandgrensa og bandgrensa til GSM-berebølgja mellom eit WiMAX-nett og eit nærliggjande GSM-nett. 2. Ingen frekvensavstand krevst mellom WiMAX-bandgrensa og bandgrensa til UMTS-berebølgja mellom eit WiMAX-nett og eit nærliggjande UMTS-nett. 3. Ingen frekvensavstand krevst mellom WiMAX-bandgrensene mellom to nærliggjande WiMAX-nett. 	31. desember 2011»